

KULTURDEPARTEMENTET  
Postboks 8030 DEP  
0030 OSLO

Dato: 02.01.2018  
Vår ref.: 2017/16733-2  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

## Statsbudsjett 2018 - konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum

Hordaland fylkeskommune viser til protokoll frå møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 5.12.2017 til RS 69/17 *Statsbudsjett 2018 - konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum*. Det blir og vist til *årsbudsjett 2018/ økonomiplan 2018-2021* vedtatt i fylkestinget 12.12.2017.

Til RS 69/17 *Statsbudsjett 2018 - konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum*, sette representanten Kjell Håland fram følgjande uttale på vegner av Ap, Krf og Sp:

***Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune vil gje ei sterk støtte til Bergen kommune sin merknad til statsbudsjett 2018 når det gjeld konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum. Utvalet forventar at ein frå statleg hald vil følgje opp med bevilgning til gjennomføring av konsolideringa frå og med 2018.***

Eit samrøystes utval vedtok uttalen.

På grunnlag av tingingar mellom dei to musea er det lagt plan for samanslåing. Dette er i tråd med gjeldande museumspolitik og ei viktig kulturpolitisk sak i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget har handsama intensjonsavtalen og slutta seg til denne. I samsvar med vedtak bør museet styrkast.

I tråd med fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2018 legg Hordaland fylkeskommune til grunn at museet sitt budsjett vert styrka over fleire år under føresetnad at stat og kommunar bidreg på same vis. Det er difor lagt inn auke i driftstilskotet til Museum Vest ved gjennomføring av konsolidering mellom Museum Vest og Bergen Sjøfartsmuseum på litt over 1. mill. i årsbudsjett 2018.

For meir informasjon, sjå meldingssak RS 69/17 *Statsbudsjett 2018 - konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum*.

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=11138&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=499952>

og møteprotokoll:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/ShowDmbDocument?mld=672&documentTypeld=MP>

For meir informasjon om Årsbudsjett 2018/Økonomiplan 2018-2021, sjå PS 105/2017:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=724>

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=496703&documentId=764495>

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE  
STIFTELSEN BERGENS  
SJØFARTSMUSEUM  
STIFTELSEN MUSEUM VEST